



Frammøtet til dugnaden var det ingen ting å seie på i mai-kvelden. Frå venstre: Ove, (80 år i juli!) Ingjerd, Olaf, Sindre, Bjørg, Hallgeir, Greta, Geir, Oddbjørn, Asbjørn, Bastian, Odd, Petter, Jarle, Knut Jarle, Helge, Øyvind, Knut Martin, Arild. Bak kamera: Olav.

Dugnad i Kyrkjeparken

Den årvisse Rotary-dugnaden i Kyrkjeparken vart gjennomført forrige veke, med både koronatiltak og resultat på plass.

«Mai kulde gjør bondens lader fulle», heiter det på folkemålet. Altså at kjølege dagar i mai lovar godt for avlingane til

Innsendt av:
Sykkylven
Rotary Klubb,
Olav
Pileberg

sommaren og hausten. Viss dette er pålitande, kan bøndene i bygda sjå sesongen lyst i møte når det gjeld produksjonen på eng og åker! Temperaturen så langt i mai har vore heller skral, og onsdag forrige veke, då Sykkylven Rotary Klubb (SRK) hadde sin årvisse dugnad i Kyrkjeparken, var slett

ikkje dagen for «å kaste jakka». Likevel gjekk arbeidet med liv og lyst slik det brukar å gjere kvart år.

Dugnad

Ordet dugnad har fått ei vidare tyding i år, etter som heile folket skal vere dugnad-engasjert for å nedkjempe korona-pandemien som legg fæle føringar for folk i alle land jorda rundt. Såleis måtte også folka på Rotary-dugnaden innrette seg deretter: alle dei tju deltakarane heldt god avstand, og alle hadde med eigen drikke og kopp til matpausen, medan Petter president heldt med noko korona-fritt å bite i. På spørsmål frå denne skrivaren svarta alle at det gjekk fint: ingen sure miner var å sjå. Tvert imot: Olaf Ellingsen og Greta Herje var på Filippinane og let seg imponere og inspirere av prosjektet til familien May Britt Tynes då pandemien tok laust, og kom seg berre med naud og neppe heim att til Noreg og karantene. På flyplassen i Singapore vart dei til og med møtte av soldatar med skarplada våpen! Denne reisa får vi nok lese meir om seinare. Å gjere ein liten innsats for nærmiljøet og såleis gjere det ryddig og triveleg i parken rundt kyrkja, er heilt i Rotary si ånd, formulert i slagordet Service Above Self!

Slike samlingar er sosialt sunt

President Petter Velle meinte det same: det er få aktivitetar som bind så godt saman som samling om felles mål – anten det går føre seg i fri og frisk luft ute, eller i meir skjerma miljø. Etter eit par timars innsats onsdags kvelden hadde arbeidsfolket samla saman eit par bra haug med greiner, rusk og rask, og kunne ta kvelden med godt samvit, i vissa om at presidenten ville stille på med høveleg doning neste dag, og få alt saman deponert på eigna stad.



Kyrkjeparken byr på gode fasilitetar for ein matpause: Bastian Weiberg-Aurdal i raud dress, Ingjerd, Jarle, Knut Jarle, Greta, Petter. Alle såg ut til å trivast i lag.



Hallgeir Lade, Knut Jarle Vik, Ingjerd Asbjørnsen og Jarle Svindseth emnar på ein bra ruskedunge – i skikkeleg vår-raking-stil. Kanskje det er slikt arbeid som kan klassifiserast som ein «rakedans»?



Nyvald assisterande guvernør, AG, Greta Kristi Herje og SRK sitt medlem med ansvar for The Rotary Foundation (TRF), Olaf Ellingsen, viser korrekt korona-avstand inntil vidare. Desse to fekk oppleve minnerike veker i januar og februar som «Prosjekt Filippinene» sine gjester i byen Bogo på øya Cebu, Filippinane. Meir om dette prosjektet seinare, og på «prosjektfilippinene.no



Dagen etter: Vekk med rusket! Noverande president Petter Velle og past president (president i fjor) Bastian Weiberg-Aurdal veit å handtere både jordbruksproduksjonen og slikt som blir til overs.